



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.04.2015
24/2015	Kommunestyret	PS	04.05.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Klyve	FA - S11	15/18

KONSESJONSSØKNAD FOR MOKO KRAFTVERK

Vedlegg:

Detaljkart Moko REV1, Vaksdal 12.2.2015

Oversikt-bilde for Moko kraftverk, Vaksdal 2.2015

Kommentar frå grunneigarane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for Moko kraftverk på Dale på grunn av at det ønskte alternativet vil vera til stor skade for sjøaurestamma i Daleelva. Det vert vist til uttale frå Dale Jakt og Fiskarlag og utgreiinga frå Uni Miljø om denne saka. Dei omsøkte planane vil fråføra det meste av vatnet frå midtre del av Moko og sleppa det ut att nederst i Moko like for utløpet til Daleelva. Den foreslåtte minstevassføringa vil ikkje tilføra nok vatn til Drivo til at det vert gode tilhøve for sjøauren. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 28/2015

FPØ - Behandling:

Skriv frå grunneigarar på Dalegarden vart lagt fram i møtet.

Framlegg frå Sigmund Simmenes, SP:

Positiv til utbygging om avbøtande tiltak vert iverksett før utbygging.

Framlegga vart sett opp mot kvarandre - 3 røysta for Sigmund Simmenes sitt framlegg (H, SP) og 3 røysta for rådmannen sitt framlegg (AP, KRF). Med ordføraren si dobbeltstemme vart dette forslaget formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for Moko kraftverk på Dale på grunn av at det ønskte alternativet vil vera til stor skade for sjøaurestamma i Daleelva. Det vert vist til uttale frå Dale Jakt og Fiskarlag og utgreiinga frå Uni Miljø om denne saka. Dei ønskte planane vil fråføre det meste av vatnet frå midtre del av Moko og sleppa det ut att nederst i Moko like for utløpet til Daleelva. Den foreslåtte minstevassføringa vil ikkje tilføra nok vatn til Drivo til at det vert gode tilhøve for sjøauren. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Kommunestyret - Sak 24/2015

KOM - Behandling:

Anneli Vatle Lilletvedt, H, fremja utsetjingsframlegg i saka.

Utsetjingsframlegget fekk 6 røyster (H, FRP, Sigmund Simmenes (SP)) og fall.

Sigmund Simmenes fremja sitt framlegg frå formannskapet på nytt:

Kommunestyret er positiv til konsesjon for utbygging av Moko under føresetnad at avbøtande tiltak vert iverksett før utbygging.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes:

Formannskapet si tilråding med unntak av siste setning.

Avrøysting:

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot Sigmund Simmenes sitt framlegg. Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 9 røyster (H, FRP, SP, Anders Risnes, AP og Arne Normann, KRF)

Framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 1 røyst (SV) og fall.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for Moko kraftverk på Dale på grunn av at det ønskte alternativet vil vera til stor skade for sjøaurestamma i Daleelva. Det vert vist til uttale frå Dale Jakt og Fiskarlag og utgreiinga frå Uni Miljø om denne saka. Dei ønskte planane vil fråføre det meste av vatnet frå midtre del av Moko og sleppa det ut att nederst i Moko like for utløpet til Daleelva. Den foreslåtte minstevassføringa vil ikkje tilføra nok vatn til Drivo til at det vert gode tilhøve for sjøauren. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Saksopplysningar:

NVE har motteke søknad frå Norsk Grønnekraft (NGK Utbygging AS) om løyve til å byggje Moko kraftverk ved Daleelva i Vaksdal kommune.

Sammendrag frå NGK sin konsesjonssøknad:

Elva Moko i Vaksdal kommune vert søkt utnytta til kraftproduksjon gjennom utbygging av Moko kraftverk. Det omsøkte kraftverket har inntak på kote 250 og kraftstasjon på kote 17. Det vil utnytte eit fall på 233 m og vil bestå av borehol på ca. 630 m og nedgravd røyrgate på ca. 145 m.

Kraftstasjonen er planlagt bygd ved Daleelva. Nedbørsfeltet er målt til 6,1 km².

Installert effekt er 2,9 MW og berekna middelproduksjon er 7,17 GWh. Avløpet frå elva vert ført direkte ut i Daleelva. Det er vurdert om kraftstasjon skulle plasserast med utløp i Moko rett før Moko har samløp med Daleelva. Det er vurdert at det blir eit større landskapsmessig inngrep å utføre dette. Utbyggingskostnadane for Moko kraftverk er berekna til 30,3 mill.kr som gjev ein utbyggingspris på 4,22 kr/kWh.

Området blir lite brukt til turgåing og friluftsliv då det er forholdsvis bratt og ulendt terreng å gå i.

Det foregår hjortejakt i området ovanfor inntak om hausten.

Det foregår ikkje fiske i elven Moko, men Moko renn ut i Daleelva som er ei god fiskeelv.

Den biologiske mangfoldrapporten har registrert to spesielle naturtyper, bekkekløft og rik edelløvskog begge med verdi B. Den nedgravde røyrkata går gjennom eit gammelt grustak og berører ikkje edelløvskogen. I bekkekløften er det berre registrert vanlege og trivielle artar og ingen raudlistearter. Inntaket til kraftverket er planlagt i bekkekløftområdet.

Innanfor influensområdet veks det raudlistearter ask (NT) og alm (NT) i området som er registrert som naturtypen rik edelløvskog som ligg i nedre del av inngrepsområdet.

Kulturminner: Det er ikkje registrert noen automatisk fredet kulturminner innanfor influensområdet til Moko kraftverk.

Avbøtande tiltak: Det er planlagt eit helårleg slepp av minstevassføring lik 5-persentilen som utgjer 28 l/s sommer og 18 l/s vinter.

Samlet vurdering i konsekvensutredningane:

Den totale konsekvens grunna tiltaket sitt omfang

Vert vurdert til å være liten negativ (-). Konsekvens for sjøørret er vurdert til å være lite/middels positiv(+ / ++).

Vurdering:

Landskap og friluftsliv

I Verdivurdering av landskap i Hordaland vert utbyggingsområdet karakterisert som sprekke dal av «middels verdi».

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er området verdsett korkje som fjordlandskap eller sårbart høg fjell, men området grensar inn mot INON av «middels verdi» og regionalt friluftsområde (Bergsdalsfjella) av «noko verdi».

Sjølv om det kjem eit bortfall av 0,11 daa INON klasse 2, er tapet lite og me vurderer såleis dei negative konsekvensane for landskap og friluftsliv som små.

Biologisk mangfald

Inntaket til Moko kraftverk er planlagt i bekkekløftområde med konfliktpotensiale, jfr. Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Redusert vassføring vil påverka bekkekløfta (verdi B) som Moko renn i ned mot Daleelva. Konstant fukt og stor variasjon i naturtilhøve kan gje høgt biologisk mangfald og stort innslag av raudlistearter.

Den biologiske mangfoldrapporten legg til grunn at det bare er registrert «vanlege og trivielle arter og ingen røddlistearter» og vurderer konsekvensane av utbygging som «liten negativ».

Også naturtypen rik edelløvskog (ask og alm) med verdi B er registrert i influensområdet, men vil ikkje bli direkte påverka av tiltaket.

Vaksdal kommune konkluderer med at dei negative konsekvensane for biologisk mangfald

sannsynlegvis er små. Det bør vera eit vilkår at det vert sett opp reirkassar for fossefall.

Fisk:

I NKG sin søknad er det utgreidd miljøfagleg utfrå eit tidlegare alternativ der kraftstasjonen var plassert lenger aust for Moko med utløp av vatn mot ei sidegrein av Daleelva/Drivo lokalt kalla «Shampobekken». Firmaet Ecofact A/S utførte vurdering av biologisk mangfald med befaring i 2011. LFI Uni Miljø gjorde i 2012 ei fiskefagleg vurdering av utbygginga. Dei konkluderte med at nedre del av Moko med sideløpet Drivo, er ein svært produktiv elvestrekning for sjøaure og høyrer til dei viktigaste gyte- og oppvekstområda for arten i Dalevassdraget. Utbygging av Moko kan få store negative effektar på fisken i området. Dette kan ein unngå med avbøtande tiltak ved at vatn frå kraftutløpet vert ført inn i Drivo før å unngå uttørking i området nedanfor.

I NGK sin gjeldande søknad har dei derimot endra plasseringa av kraftstasjonen utan å få komma med avbøtande tiltak for fisken. Ein vil då ikkje få tilført vatn ned til området ved Drivo.

Dale Jakt og Fiskarlag tek dette opp i eit brev til NVE datert 16.12.14, sitat:

Sjøaurestammene på Vestlandet har hatt ei negativ utvikling dei siste åra. Daleelva med tilhøyrande sideelvar har greidd seg bra takka vera biotiltaka som Dale Jakt og Fiskarlag har gjennomført.

I samband med søknaden om bygging av kraftverk i Moko, så er det laga ein rapport av LFI Uni Miljø, rapport nr. 206: «Utbygging av Mokovassdraget og dens effekter på fisk». Då rapporten vart laga var kraftstasjonen plassert lengre mot aust (sjå vedlegg 11 i rapporten) samanlikna med konsesjonssøknaden. I konsesjonssøknaden er kraftstasjonen plassert mykje lengre vest (sjå vedlegg 2 og 3 i søknaden) og utløpet renn direkte ut i Daleelva. Rapport 206 er lagt ved søknaden, men på grunn av at kraftstasjonen har endra plassering, så må det lagast ny rapport. Den nye plasseringa vil få alvorlege konsekvensar for vassføringa i Moko og habitatet for sjøaure. I dag er yngeltettheita god, noko rapporten viser, 303 ungfisk pr. 100m². Observasjonar vi har gjort kvar haust, viser stor gyteaktivitet. Gytefiskteljing må utførast.

Slik søknaden ligg føre, bør den ikkje godkjennast, det bør lagast ny konsekvensutgreiing og tiltaksplan. Et eksempel på avbøtande tiltak kan vera å føra inn vatn frå hovedvassdraget.

I vassdraget føregår det også omfattande rognplanting av sjøaure, sjå vedlagt foto av rognkassar, sitat slutt.

NVE skriv i ein e-post av 12.2.2015 at «NGK mener at konsekvenene for fisk vil være minst dersom vannet frå Moko føres tilbake til Mokos hovedløp slik som vist i revidert kart.»

Daleelva er i dag sterkt kraftregulert av BKK, og dette har påverka laks og sjøaure negativt. Dale Jakt og Fiskarlag har gjennom årelangt arbeid kompensert for mange av dei negative momenta. Elva er i dag ei god fiskeelv for laks og har ein av dei beste sjøaurebestandane i Hordaland.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk er Daleelva, som Moko renn ut i, oppført som anadromt vassdrag og lakseførande strekning med «stor verdi». Om lakseførande elvar seier planen at «ein må visa varsemd ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning» (retningsline R6.2).

Vidare seier planen i R6.3:

«For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.»

UNI Miljø slår fast at «Moko renn ut i Daleelva der det går både sjørørret og laks» og at «i fylgje fiskarlaget går det sjøaure opp i nedre del av bekken, men graving og endring av bekkeløp har ført til svært dårlege forhold for sjøauren her og Moko blir ikkje lenger rekna som gyteplass.

Vidare vert det nemnt at det før gjekk «flomløp/sidebekk av Daleelva frå idrettssplassen og vidare nedover til utløpet av Moko. Dette løpet fra Daleelva vart stengt når idrettssplassen vart bygd. Dette løpet var tidligere en av de to beste gyte- og oppvekstbekkene for sjørørret i Daleelva. «

Konklusjon:

Vaksdal kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for Moko kraftverk på Dale på grunn av at det ønskte alternativet vil vera til stor skade for sjøaurestamma i Daleelva. Det vert vist til uttale frå Dale Jakt og Fiskarlag og utgreiinga frå Uni Miljø om denne saka. Dei ønskte planane vil fråføra det meste av vatnet frå midre del av Moko og sleppa det ut att nederst i Moko like for utløpet til Daleelva. Den foreslåtte minstevassføringa vil ikkje tilføra nok vatn til Drivo til at det vert gode tilhøve for sjøauren. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.